




Møre og Romsdal
fylkeskommune

Ålesund videregående skole

Årsmelding skoleåret 2023-24



Innholdsliste

| | |
|--|-----------|
| 1. Rektor har ordet | 2 |
| 2. Nøkkelopplysningar om skolen | 3 |
| 2.1 Organisasjonen | 3 |
| 2.2 Utdanningsprogram og elevtal | 4 |
| 2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1 | 7 |
| 3. Læringsmiljø | 9 |
| 3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga | 9 |
| 3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet | 10 |
| 3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad | 11 |
| 4. Skoleårsresultat | 14 |
| 4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring | 14 |
| 4.2 Karaktarsnitt | 17 |
| 4.3 Fråvær | 18 |
| 4.4 Elevar som har slutta | 19 |
| 4.5 Overgangar | 20 |
| 5. Leiing og profesjonsutvikling | 23 |

1. Rektor har ordet

Ålesund vgs hadde 1323 elevar skoleåret 2023–2024. Vi er den einaste kombinerte fylkeskommunale vidaregåande skolen i Ålesund, med eit stort mangfald av både studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram. 984 av elevane våre (74,3 %) gjekk studieførebuande utdanningsprogram, og 340 av elevane (25,7) gjekk yrkesfaglege utdanningsprogram.

Skoleåret 2023–2024 var det tredje etter fusjonen mellom tidlegare Fagerlia vgs og gamle Ålesund vgs. Vi erfarer på den eine sida at den nye organisasjonen tar form, at ting fell på plass, og på den andre sida at vi framleis er i startfasen for nye Ålesund vgs.

Vi har desse overordna måla for handlingsplanperioden 2023–2026:

1. Fleire primærsøkjarar enn elevplassar ved alle tilbod.
2. Høg grad av elevgjennomføring (over 92 %).
3. Høg grad av relevans, elevmedverknad og meistring i opplæringa.
4. Høg grad av trivsel, tilhøyrslø, tillit og samarbeid i alle delar av organisasjonen.

Elevgjennomføringa dette skoleåret var på 90,8 %, og 85 % av elevane våre hadde Ålesund vgs som førsteønske. Dette er svært gode tal, som viser både attraktivitet og godt arbeid med læringsmiljø og resultat.

Den økonomiske situasjonen for fylkeskommunen og for skolen har gjort det nødvendig med betydelege kostnadsreducerande tiltak, og dette har prega arbeidet vårt dette skoleåret. Drifta er tatt ned med rundt 20 årsverk hausten 2024 versus hausten 2023. Prosessen har vore og er krevjande å stå i for leiing og personale. Smertegrensa er nådd, og vi er bekymra for konsekvensane både for elevar og tilsette.


2. Nøkkelopplysningar om skolen

2.1 Organisasjonen

| | |
|------------------------------------|-------|
| Tal på årsverk pedagogisk tilsette | 142,9 |
| Tal på årsverk i leiarstillingar | 17 |
| Tal på årsverk andre tilsette | 38,32 |

Av 220 tilsette var 62,73 % (138) kvinner og 37,27 % (82) menn. Ettersom administrativt personale er 100 % kvinner, er kjønnsdelinga noko meir balansert i det pedagogiske personalet. I leiargruppa er 59 % kvinner.

Leiinga er organisert i tre nivå, med rektor, to assisterande rektorar, og 11 pedagogiske avdelingsleiarar. I tillegg har vi to stabsleiarar og ein kvalitetsleiar.



2.2 Utdanningsprogram og elevtal

| Utdanningsprogram | Vg1 | Vg2 | Vg3 | Vg4 | Total |
|--|-----|-----|-----|-----|-------|
| Helse- og oppvekstfag | 41 | 72 | | | 113 |
| Idrettsfag | 69 | 45 | 49 | | 163 |
| Informasjonsteknologi og medieproduksjon | 8 | 13 | | | 21 |
| Kunst, design og arkitektur | 27 | 19 | 19 | | 65 |
| Musikk, dans og drama | 44 | 38 | 49 | | 131 |
| Naturbruk | 28 | 26 | | | 54 |
| Sal, service og reiseliv | 15 | 19 | | | 34 |
| Studiespesialisering | 169 | 173 | 189 | 21 | 552 |
| Påbygging til generell studiekompetanse | | | 72 | | 72 |
| Teknologi- og industrifag | 45 | 73 | | | 118 |
| Total | 446 | 478 | 378 | | 1323 |

| | |
|---|----|
| Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring | 42 |
|---|----|

Lokalisering av tilbud

Frå og med skoleåret 2023-2024 var alt av ST samla ved lokaliteten Fagerlia, etter ei trinnvis flytting ut av Latinskolebygget. Vi erfarte at denne samlinga av både elevar og profesjonar var positivt for ST-tilbodet og fagmiljøa.

Samtidig var dette det første skoleåret for HO på lokaliteten Volsdalsberga etter flyttinga frå Fagerlia. Det var samlinga av ST som gjorde det nødvendig å flytte noko ut frå Fagerlia, og etter ein prosess var det tydeleg at flytting av HO var det rette. Vi har dette skoleåret erfart den forventa gevistrealiseringa både for HO og for det samla lærings- og arbeidsmiljøet ved lokaliteten Volsdalsberga.

Skoleåret 2023–2024 var det siste for idrettsfag ved Ålesund vgs, og det siste for lokaliteten Latinskolen. 10 år etter vedtak om flytting av idrettsfag til Spjelkavik vgs blei dette endeleg realisert sommaren 2024. Særleg siste del av vårsemesteret blei sterkt prega av flyttingprosessen.

Flyttinga av idrettsfag betyr også ein reduksjon av elevtal og tilsette ved Ålesund vgs, og tilsvarande auke på 175 elevar og 15 tilsette ved Spjelkavik vgs.

Fleksibilitet og attraktivitet

Vi har dei siste åra erfart vekst med variasjonar i søking til Helse- og oppvekstfag (HO), Naturbruk (NA) og Teknologi- og industrifag (TI). På yrkesfaga er tilgangen på praksisplassar ein avgjerande faktor for kor mange elevar vi kan ta inn. Dette har først og fremst vore ei brems i vårt høve til å auke elevtalet på Naturbruk Vg1 og Fiske og fangst Vg2.

Sal, service og reiseliv (SR) har ikkje fått det same oppsvinget i attraktivitet, etter ein nedgang for nokre år sidan. Dette jobbar vi målretta for å endre. Vi trur at tiltaket med å få fleire tilbod og elevar til Volsdalsberga også vil verke positivt for søkinga til SR. Vi har god tilgang på praksisplassar, og behov for kompetansen i regionen.

Informasjonsteknologi og medieproduksjon (IM) har eit større potensial enn kva søkinga til no tilseier. Ambisjonen å ha søking til Vg1 minimum tilsvarande summen av elevplassar på Vg2. I tillegg er det med IM, som med andre yrkesfag, at elevane blir rekruttert til Vg2 også frå andre skolar.

Blant dei studieførebuande tilboda er søkinga til Idrettsfag (ID) i særklasse. Det er dei små klasseromma på Latinskolen, samt treningsforholda, som har gjort det nødvendig med tak på 25 elevar per klasse. To parallellar per trinn er normalen på ID, men skoleåret 2023–2024 tok vi inn ein tredje parallell på Vg1.

Det er elles svært gledeleg å sjå at Kunst, design og arkitektur (KD) har hatt ei jamn auke i

søkinga dei siste åra, og starta med full klasse på Vg1 skoleåret 2022–2023.

For Musikk, dans og drama (MD) er det tilfredsstillande søking til musikk. Det bør vere meir å gå på både for dans og drama.

Vi har sju parallellar per trinn på Studiespesialisering (ST). Dette inkluderer ST med toppidrett (ST over fire år), ST internasjonal og ST forskar. Søkinga har til no legitimert denne dimensjoneringa. Samtidig ser vi at konsekvensen av auka søking til yrkesfaga betyr noko nedgang i talet på primærsøkjjarar til ST, og eit anna elevgrunnlag.

Individuell tilpassa opplæring (ITO)

Elevane på ITO søker seg til ulike programområde, men blir etter overføringsmøte og i samtale med elev og føresette organisert inn på ITO. Skoleåret 2023–2023 hadde vi 29 elevar organisert i tre ulike team.

I den største gruppa er det ein trend at vi har elevar som ikkje klarer full skoleveke og som har behov for stor grad av individuell tilpassing i forhold til oppmøte. Fleire av desse har ikkje klart å møte opp på skolen i ungdomsskolen. Nokre av elevane har kognitive evner til å ta karakter i ordinære fag, men pga. blant anna psykisk helse, rus eller diagnoseproblematikk lar ikkje dette seg gjennomføre.

Det har i løpet av dei siste åra blitt ei stor belastning på personalet fordi dei psykiske vanskane og vanskane generelt er meir uhandterlege og går meir mot helsefagleg hjelp.

Vi jobbar med å få elevar inkludert i ordinære klassar i ulike fag, men det er utfordrande pga vanskane som er skildra ovanfor. Nokre av elevane har arbeidspraksis som ein del av opplæringa si i vgs, og fleire enn tidlegere har behov for opplæring i norsk for framandspråklege.

Vi har fleire elevar som har definerte diagnosar som f.eks. Downs syndrom og andre diagnosar i tillegg. Cerebral Parese og lærevanskar er også representert. Vi har altså eit breitt spekter av fine ungdommar med ulike utfordringar og funksjonsnedsetjingar. Det igjen krev eit personell som er godt kvalifisert for oppgåva og som er fleksible, løysningsorienterte og rause.

2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1

2.3.1 Fordeling grunnskolepoengintervall vg1, prosent

| Poengsum | 2022-23 | 2023-24 | Fylket 2023-24 |
|---------------|---------|---------|----------------|
| 0 eller ingen | 2,2 | 3,8 | 6,3% |
| 0 - 25 | 1,5 | 0,9 | 2,8% |
| 25 - 30 | 2,6 | 2,5 | 5,9% |
| 30 - 35 | 3,5 | 7,4 | 11,7% |
| 35 - 40 | 12,1 | 15,0 | 17,4% |
| 40 - 45 | 21,8 | 23,8 | 21,4% |
| 45 - 50 | 27,9 | 25,6 | 19,4% |
| Over 50 | 26,4 | 21,1 | 15,1% |

2.3.2 Grunnskolepoeng vg1 – utvikling over tid

| - | 2019-20 | 2020-21 | 2021-22 | 2022-23 | 2023-24 |
|-------------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Ålesund vgs | - | - | - | 44,9 | 44,0 |
| Fylket | 41,1 | 42,3 | 42,2 | 42,5 | 41,4 |

2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Dei samla elevføresetnadene har gått ned med 0,9 grunnskolepoeng, frå 44,9 til 44,0, samanlikna med skoleåret 2022-2023. Vi kommenterer her berre Vg1.

Mellom utdanningsprogramma både på SF og YF er her naturlege svingingar frå år til år, men her er også trendar og utviklingstrekk.

Dei studieførebuande programma går i sum ned med 1,6 poeng frå 47,5 til 45,9, og ytterlegare ned til 44,5 skoleåret 2024–2025. MD har størst nedgang frå 48,4 til 44,7, for så å kome opp igjen til 45,5 denne hausten. ST går ned med 0,8 poeng frå 47,1 til 46,3, og vidare ned til 45,0 denne hausten.

Dei yrkesfaglege tilboda har i sum også ein liten nedgang, på 0,6 poeng frå 40,1 til 39,5. Dette tar seg opp igjen til 40,2 hausten 2024. NA har dei siste åra hatt høgast grunnskolepoeng ved inntak Vg1, trass ein nedgang på 1,5 poeng frå 2022–2023. Dette aukar til heile 47,0 skoleåret 2024–2025.

Lågast føresetnader ved målt grunnskolepoeng har SR med 36,2. Samtidig har SR også den største oppgangen på heile 6,4 poeng frå 29,8 skoleåret 2022–2023.

Aukinga av søkjarar til yrkesfaga versus studieførebuande er ein trend, som naturleg vil kunne gi utslag i endring av grunnskolepoeng ved inntak.


Gjennomgåande ser vi samanhengar mellom inntakspoeng og fullføring.

3. Læringsmiljø

[Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.](#)

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

Resultat Vg1 Ålesund vgs:



I samleoversikta for Vg1-resultat i Elevundersøkinga er det ikkje store utslag frå 2022–2023 til 2023–2024. På sentrale satsingsområde i skolens handlingsplan finn vi enten ei lita betring eller inga endring. Det gjeld elevdemokrati og medverknad, meistring, trivsel og vurdering for læring.

Samanlikna med fylkesgjennomsnitt er det det små variasjonar, på nokre område eit knepp over, og på andre område eit knepp under.

Det er først når vi har høve til å analysere resultat per avdeling at vi kan iversetje målretta tiltak som treff identifiserte bevarings- og forbetningsområde i ulike delar av organisasjonen. Det har skolane dessverre ikkje høve til på same måte som tidlegare.

Elevundersøkinga er uansett ein god reiskap som bevisstgjerer inn mot elevar og pedagogisk personale på kva parametrar vi blir målt på, ergo kva som skal kjenneteikne opplæringa.

Mellom anna på bakgrunn av resultat i Elevundersøkinga har vurdering vore eit prioritert strategiområde i skolens handlingsplan dei tre første skoleåra i den samanslåtte skolen, og er det framleis for planperioden fram til 2026.

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

| | Tal |
|---|-----|
| Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-4 i opplæringslova | 4 |
| Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-5 i opplæringslova | 0 |
| Tal på enkeltvedtak etter § 9A-7 i opplæringslova | 0 |

Læringsmiljøsaker

For ein skole med over 1300 elevar er læringsmiljø dagleg på agendaen. Det handlar i stor grad om det jamne arbeidet med eit trygt og godt skolemiljø, dels førebyggjande og dels arbeid med saker i tidleg fase. Elevtenesta er tett kopla på kontaktlærarane, som får råd og hjelp til å handtere enkeltelevar og utfordringar med elevgrupper, situasjonar og flokar. Rektor er godt orientert om saker og situasjonar som det blir prioritert å jobbe ekstra med. Dette gode arbeidet i tidleg fase er ei viktig forklaring på kvifor det ikkje har vore nødvendig med fleire enn fire aktivitetsplanar.

Samtidig er vi kjende med at det kan vere noko ulik praksis ved ulike skolar for kva som blir definert som ei § 9A-sak, og/eller når det er behov for ein aktivitetsplan.

Fagleg og sosial inkludering

I skolens handlingsplan for 2023–2026 er læringsmiljø det viktigaste utviklingsområdet,

med "fagleg og sosial inkludering" som første strategiområda. Desse tre måla er knytt til området:

1. Ingen elevar sluttar som følgje av manglande fagleg og sosial inkludering.
2. Alle tilsette er trygge på roller, ansvar og retningslinjer i elevansvaret.
3. Elevar med særskilde utfordringar blir inkludert i ordinære løp i den grad det er til elevens beste.

Desse tiltaka i skolens handlingsplan er gjennomført skoleåret 2023–2024:

1. Alle Vg1-grupper, YF Vg2 og påbygg bruker metoden VIP Makkenskap.
2. Foredrag med Roger Finjord om å bygge lagfølelse.
3. Foredrag med Rune Nordhaug om inkludering, og ein trygg og god skolestart.
4. Klassetem som førebur skolestart for elevane.
5. Skolens rutinar for kap. 9A-saker blir revidert.
6. Skolens innsatsteam mot mobbing blir revitalisert.
7. Sterkare grad av inkludering av elevar på ITO musikk og dans.

Skolen hadde også ein psykososial rådgjevar, som støtta kontaktlærarane, gjennomførte opplegg i klassar, og ikkje minst var samtalepartner for elevar med behov for dette. Denne stillinga er dessverre avvikla som eit av mange kostnadsreducerande tiltak.

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

| | Tal |
|--|-----------------------|
| Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret) | Over 15 (sjå merknad) |
| Møter i skolemiljøutval | (Ikkje operativt) |
| Møter i skoleutval | 3 |

| | |
|--|--------|
| | Ja/nei |
|--|--------|

| | |
|---|----|
| Er skolemiljøutval og skoleutval slått saman? | Ja |
|---|----|

Samarbeidsorgana

Ettersom vi har hatt tre lokalitetar har det vore naturleg med tre elevråd og tre elevrådsstyre. Desse er følgd opp av tre ulike elevrådskontaktar. Møta i elevråda og elevrådsstyra har dels vore med påkopla kontaktperson, og dels utan. Tal på gjennomførte elevrådsmøte og styremøte sit vi derfor ikkje på.

Intensjonen har vore at dei tre elevrådsleiarane skal utgjere eit overordna elevrådsstyre for skolen. Dette har fungert mindre bra dette skoleåret.

Vi har ambisjonar for elevråda våre, og vi ser at potensialet for medverknad i utvikling av skolen er større enn kva vi har klart å hente ut.

Skoleutvalet har hatt gode og engasjerte representantar for føresette og næringsliv. Elevrepresentasjonen var vore meir utfordrande. Dermed har også intensjonen om samanslått skoleutval og skolemiljøutval ikkje vore tilfredsstillande innfridd.

Medverknad utover samarbeidsorgana

Alle elevane skal ha høve til å delta i Elevundersøkinga. Deltakingsprosenten frå år til år viser likevel at potensialet for deltaking er større. Deltakinga er naturleg større i Undervisningsevalueringa, som er kopla opp mot fag og enkeltlærarar.

Den viktigaste arenaen for elevmedverknad meiner vi er knytt direkte til opplæringa. Elevundersøkinga og Undervisningsevalueringa måler også dette, i kva grad elevane deltar i planlegginga av opplæringa og i vurderingsarbeidet.

Elevundersøkinga viser over tid at trass målretta innsats har vi fått lite betring i resultat. Tendensen er den same både i fylkeskommunen og i heile landet. Sjølv om vi erfarer at

elevane over tid har fått større medverknad også i undervisninga, vil vi halde fram arbeidet med å styrke dette framover.

Om vi erkjenner at eleven er den viktigaste ressursen i skolen er potensialet mykje større enn kva vi per i dag klarer å hente ut av medverknad.

4. Skoleårsresultat

4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring

4.1.1 Fullført og bestått, prosent

| | |
|--|------|
| Fullført og bestått skoleåret 2023-24, prosent | 90,2 |
|--|------|

4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

| Utdanningsprogram: | Vg1 | Vg2 | Vg3 | Vg4 | Total |
|--|------|------|------|------|-------|
| Helse- og oppvekstfag | 87,8 | 93,1 | | | 91,2 |
| Idrettsfag | 97,1 | 100 | 98 | | 98,2 |
| Informasjonsteknologi og medieproduksjon | 87,5 | 76,9 | | | 81 |
| Kunst, design og arkitektur | 70,4 | 94,7 | 68,4 | | 76,9 |
| Musikk, dans og drama | 93,2 | 92,1 | 93,9 | | 93,1 |
| Naturbruk | 96,4 | 96,2 | | | 96,3 |
| Sal, service og reiseliv | 66,7 | 94,7 | | | 82,4 |
| Studiespesialisering | 89,9 | 87,3 | 93,1 | 90,5 | 90,2 |
| Påbygging til generell studiekompetanse | | | 70,8 | | 70,8 |
| Teknologi- og industrifag | 88,9 | 98,6 | | | 94,9 |
| Total | 89,5 | 92,3 | 88,4 | 90,5 | 90,2 |

4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

| | 2019-20 | 2020-21 | 2021-22 | 2022-23 | 2023-24 |
|-------------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Ålesund vgs | 91,1 | 92,3 | 89,5 | 91,9 | 90,2 |
| Fylket | 91,2% | 91,4% | 89,6% | 89,6% | 87,5% |

4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

Målet for gjennomføring var og er over 92 %. Samla resultat for 2022–2023 gjekk noko ned frå året før, men er framleis på respektable 90,2 %. Dette er 2,7 % over resultatet for fylket.

Helse- og oppvekstfag har hatt ei god utvikling på gjennomføring over fleire år., med eit fint resultat over 93 % på Vg2 dette skoleåret. Vi hadde fire klassar på Vg1 og fire på Vg2.

Idrettsfag har over mange år hatt gjennomføring på mellom 96 % og 100 %. At tilbodet er godt søkt, elevføresetnadene er gode, og høg grad av elevaktiv læring bidrar til den sterke gjennomføringa. Vi hadde tre pluss to pluss to parallellar.

Informasjonsteknologi og medieproduksjon hadde éin klasse på Vg 1 og to halve klassar på Vg2. Gjennomføringsprosenten med snitt på 81 % skuldast i hovudsak avbrot.

Kunst- design og arkitektur har dei siste åra erfart auka søking og ein heil klasse per trinn. Likevel er gjennomføringa berre på rundt 70 % på Vg1 og Vg3 dette skoleåret.

Musikk, dans og drama leverte ei gjennomføring på over 92 % på alle trinn, sjølv om grunnskolepoenga varierer ein del mellom trinna. Høg motivasjon og høg grad av elevaktiv læring er truleg to av faktorane som ligg til grunn. Vi hadde to klassar per trinn.

Naturbruk har vore særst godt søkt i fleire år. Det er høgt karaktersnitt for å kome inn, noko som medverkar til gjennomføring på 96,3 %. Vi hadde to Vg1-klassar og to på Vg2.

Sal- service og reiseliv har over tid hatt utfordringar med gjennomføring. Dette skoleåret hadde vi éin klasse på Vg1, og 1,5 klasse på Vg2. 66,7 % gjennomføring på Vg1 skuldast i hovudsak avbrot. Dei fleste elevane hadde SR som sitt primærønske.

Studiespesialisering er det største utdanningsprogrammet vårt med sju parallellar og rundt 600 elevar. Gjennomføringa ligg på same prosent som skolens samla resultat, etter

ein nedgang på 3,1 %. Forklaringa på nedgangen kan dels vere noko lågare grunnskolepoeng ved inntak, og fleire som er mindre motivert i dei tilfella der ST ikkje var primærønsket. 90,2 % er likevel svært høg gjennomføring.

Teknologi- og industrifag leverte ei samla gjennomføring på heile 94,9 %. Maritime fag Vg2 landa på 98,6 %. Søkinga til MA er høg. Vi hadde tre klassar Vg1 og fem på Vg2.

Påbygging til generell studiekompetanse landa på 70,8 % gjennomføring. Det er ikkje uvanleg at resultatet ligg omtrent der, grunna varierende føresetnader og motivasjon.

4.2 Karaktersnitt

4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

| Utdanningsprogram | Karaktersnitt | Karaktersnitt |
|--|---------------|---------------|
| | 2023-2024 | 2022-2023 |
| Helse- og oppvekstfag | 4,25 | 4,19 |
| Idrettsfag | 4,46 | 4,51 |
| Informasjonsteknologi og medieproduksjon | 4,07 | 4,15 |
| Kunst, design og arkitektur | 4,37 | 4,18 |
| Musikk, dans og drama | 4,48 | 4,58 |
| Naturbruk | 4,86 | 4,79 |
| Sal, service og reiseliv | 4,17 | 4,10 |
| Studiespesialisering | 4,40 | 4,41 |
| Påbygging til generell studiekompetanse | 3,67 | 3,73 |
| Teknologi- og industrifag | 4,17 | 4,08 |

4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

| | 2019-20 | 2020-21 | 2021-22 | 2022-23 | 2023-24 |
|-------------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Ålesund vgs | Manglar | Manglar | 4,34 | 4,33 | 4,35 |
| Fylket | 4,22 | 4,26 | 4,24 | 4,21 | 4,20 |

4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Karaktersnittet samla og per studieprogram er lite endra frå sist skoleår. Vi har ikkje tatt med data frå før skolesamanslåinga.

4.3 Fråvær

4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

| | Fråvær, dagar | Fråvær, timar | Totalfråvær, prosent |
|--------|---------------|---------------|----------------------|
| Totalt | 6,2 | 23,3 | 5,9 |
| Vg1 | 5,8 | 15,8 | 4,8 |
| Vg2 | 6,0 | 26,9 | 6,1 |
| Vg3 | 7,1 | 28,2 | 7,0 |
| Vg4 | 2,2 | 12,6 | 2,7 |

4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

| | 2019-20 | 2020-21 | 2021-22 | 2022-23 | 2023-24 |
|-------------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Ålesund vgs | 3,6 | 3,0 | 2,7 | 5,8 | 5,9 |
| Fylket | 3,5% | 2,5% | 2,7% | 6,5% | 7,0% |

4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Fråværet blei meir enn dobla frå 2021-2022 til 2022-2023, men mest ingen endring i 2023-2024. Gjennomsnittet i fylkeskommunen ligg over skolens resultat.

Forklaringa er å finne i at fråværsgransa blei gjennomført i 2022-2023, og at koronagenerasjonen pådrog seg noko meir fråvær enn dei som var elevar før korona. Vi går ikkje nærmare inn på analyser av dette fenomenet i denne rapporten.

Vi gjer merksam på at fråværsprosenten for skoleåra 2019-2020 til 2020-2021 er tal frå gamle Ålesund vgs. Dette på grunn av manglande samanstilte data frå skolane.

4.4 Elevar som har slutta

4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2023-24

| Prosent | Tal |
|---------|-----|
| 1,9 | 25 |

4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

| | 2019-20 | 2020-21 | 2021-22 | 2022-23 | 2023-24 |
|-------------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Ålesund vgs | | 1,6% | 2,5% | 3,2% | 1,9% |
| Fylket | 2,7% | 2,2% | 3,1% | 3,1% | 3,1% |

4.4.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Tal på elevar som har slutta ved Ålesund vgs ligg frå år til år jamt under fylkesgjennomsnittet, med unntak av 2022-2023, der vi låg 0,1 % over.

Prosenten for 2020-2021 gjeld gamle Ålesund vgs, før fusjonen.

Vi er opptatt av å finne årsakene til at elevar sluttar. Vi har eit godt bilde av dette, og årsakene er samansette.

I skolens handlingsplan for planperioden 2023-2026 har vi ei målsetjing om at "Ingen elevar sluttar som følgje av manglande fagleg og sosial inkludering". Vi forventar å kunne sjå resultat av dette i åra framover.

4.5 Overgangar

Vi jobbar med å skape gode overgangar i mange retningar og på mange arenaer. Her prioriterer vi å omtale overgangane frå ungdomsskole til vidaregåande, yrkesfagfagleg progresjon etter Vg2, og arbeid med overgang til høgskole og universitet.

Ungdomsskole til vidaregåande

Overgangen frå ungdomsskole til vidaregåande skole er stor og viktig for kvar enkelt elev. For første gong har dei tatt eit eige retningsval, og dei skal inn i eit nytt, meir mangfaldig og gjerne større skolemiljø.

Dette gjer vi for å sikre ein god og trygg overgang frå usk:

- God informasjon om tilboda til elevar på 10. trinn og deira føresette under karrieredagen, ved hospitering, på "open dag", og der vi blir invitert til foreldremøte ved ungdomsskolar.
- Rådgjevarlunsj for rådgjevarane ved alle ungdomsskolane i regionen.
- Overføringsmøte gjeldande elevar med særskilde behov.
- Møte med enkeltelevar med særskilde behov, og deira føresette, før skolestart.
- Fokus på trygg skolestart gjennom relasjonsbygging i elevgruppene på Vg1, mellom anna ved hjelp av programmet VIP Makkerskap.
- Tidleg foreldremøte på Vg1 (første veka).

Yrkesfag Vg2 til læreplass

Frå Vg2 til læreplass_finn vi denne progresjonen per utdanningsprogram, frå skoleåret 2023-2024 til skoleåret 2024-2025, med eit gjennomsnitt på 50,7 %:

- HO: 29,2 %
- IM: 30,8 %
- NA: 80,8 %
- SR: 36,8 %

- TI: 68,5 %

Vi finn her at vesentleg færre enn året før har fått eller valt læreplass. Gjennomsnittet var då på 65,7 %. HO hadde 32,9, IM rundt 88,9 %, NA 95,7 %, SR 61,9 % og TI 90,7 %.

Forklaringa på nedgangen ved fleire av utdanningsprogramma er først og fremst at fleire har slutta, som det igjen vil vere ulike grunnar til. Her kan også vere læreplassar som ikkje er registrerte enda.

At så få som rundt 30 % frå år til år på HO vel å gå vegen om læreplass gir grunn til refleksjon. Samfunnsoppdraget vårt er mellom anna å svare på behov for kompetanse i regionen. I helsesektoren er behovet stort både for fagarbeidarar og personell med høgare utdanning. I kva grad klarer skolen å levere på dette, og i kva grad er eleven sitt val av programområde relevant for karrierevala deira etter vidaregåande opplæring?

Yrkesfag Vg2 til påbygg

Majoriteten av elevane på HO finn vi igjen i oversikta som viser progresjonen frå Vg2 til påbygging til generell studiekompetanse, med eit gjennomsnitt på 27,6 %:

- HO: 58,3 %
- IM: 7,7 %
- NA: 3,8 %
- SR: 31,6 %
- TI: 8,2 %

Elevar som verken gjekk vidare til læreplass eller påbygg har enten slutta, starta på eit anna tilbod, ikkje fullført og bestått, eller tatt opplæringa over fleire år.

Talet på elevar som har slutta på yrkesfag har auka frå 7,1 % til 16,7 % frå 2023 til 2024.

Vidaregåande til høgskole og universitet

Ålesund vgs er ein del av Campus Ålesund, saman med NTNU, Fagskolen og Norsk Maritimt Kompetansesenter med fleire, der vi også har våre undervisningslokale for Maritime fag. Skolen hadde dette skoleåret samarbeid på Campus innan fleire fagområde.

I samarbeidet og kontakten mellom Ålesund vgs og NTNU ligg det både eit gjensidig ønskje om å bruke kvarandre som ressursar, og ein ambisjon om å opne dørene til ulike studium ved universitetet for elevane på vidaregåande skole.

Utover det unike potensialet på Campus jobbar skolen systematisk og på ulike måtar med karriererettleiing, særleg inn mot Vg3.

5. Leiing og profesjonsutvikling

Leining og profesjonsutvikling er eitt av utviklingsområda i skolens handlingsplan, med desse måla:

1. Vi er ein lærande organisasjon.
2. Vi erfarer arbeidsglede, godt og effektivt samarbeid, klarheit i roller, leiarstøtte tett på, samt kultur for deling, utprøving og endring.
3. For leiargruppa: Vi har kapasitet til å utøve relasjonsorientert, endringsorientert og heilskapleg leiing.

Desse tiltaka er gjennomført eller starta opp skoleåret 2023–2024:

- Alle pedagogisk tilsette bidrar i team etter rammer gitt i handlingsplanen.
- Rigge for team ved å skolere leiargruppa og personalet i teamorganisering.
- Organisere personalressursar i ulike team for å utvikle spesifikke fagområde og/eller løyse spesifikke oppgåver.
- Sosiale arrangement for alle tilsette for å ivareta og bygge nye relasjonar.
- Gjeldande organisasjonsmodell blir evaluert i løpet av skoleåret 2023–2024, med eventuell utprøving av anna organisering fom. skoleåret 2024–2025.
- Leiargruppa prioriterer kontinuerleg leiargruppeutvikling etter ein eigen plan.

Merknad til mål 3: Ved overgang til skoleåret 2024–2025 reduserte vi ressursen til leiing med to stillingar, dette som kostnadsreducerande tiltak. Kapasiteten til leiing har dermed blitt redusert til eit kritisk nivå. Dette blir fortløpande risikovurdert.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no